

Organisering og gjennomføring, skrive som vedlegg då eg ikkje fekk skrive det inn på den aktuelle sida.

Kjerna i pubverksemda er sosialt samver, kultur og quiz.

Vi håpar å inspirere sambygdingane våre til å bidra med det dei kan frå scena, anten det er diktlesing, stand up eller musikk.

Vi heldt puben i det lille forsamlingslokalet i Strilatun, og grunna den nye møbleringa, trur vi at det er plass til om lag 75 personar i rommet. Vi ynskjer å servere gjestane våre øl og vin.

Dei to ytterdørane i rommet vil til ei kvar tid verte passa på av vaktar, og det vil i tillegg vere to personar som står i baren heile kvelden. Medbragt drikke og alkohol utanfor dørene er sjølvstøtt forbode.

Puben vil ha 18 års aldersgrense, og eventuelle berusa personar vil bli bortviste frå lokalet.

Baren stengjer kl 23.20 og vi avrundar kvelden ved midnatt.